

VEDTEKTER FOR ELEVPLASS VED BOKN KULTURSKULE

Overordna mål og visjon:

- ❖ Bokn kulturskule blir driven med heimel i Opplæringslova §13-6.
- ❖ Bokn kulturskule har som mål å ha eit rikt kulturliv med eit breitt tenestetilbod. Søkar må ha rett alder i høve til disiplin/gruppe og søkarar busette i kommunen har førsterett på plass. Søkarar over 21 år får plass i ordinære tilbod ved ledig kapasitet, eller på tilbod som rettar seg spesielt mot vaksne.

Elevplass, opptak og undervisning:

- ❖ Søknad om plass skjer elektronisk via kulturskulen sin påmeldingsportal. Søknadsportalen er open for påmelding heile året.
- ❖ Søknadsfrist for hovudopptaket er 10. juni og elevplass blir tildelt for eitt år om gongen. Elevar som har plass ved eit undervisningstilbod vil normalt få tildelt plass vidare for neste skuleår ved å re-registrere seg innan 10. juni kvart år. Ved hovudopptaket vert deretter ledige plassar først tildelt elevar som har stått på venteliste sidan førre hovudopptak. Vidare vil elevar som har søkt innan fristen ha førsteprioritet i hovudopptaket for neste år. Elevplass er personleg og kan ikkje overførast til andre, til dømes søsken.
- ❖ Alle søkarar får svar i juni, anten med beskjed om elevplass, eller om at ein står på venteliste.
- ❖ Fråvær skal meldast til kulturskulen, anten til lærar eller via administrasjonen. Eleven kan ikkje få attende forsømde timar.
- ❖ Elevar som har stort fråvær, viser lite interesse, skapar disiplinære problem, eller ikkje betalar kontingent, kan miste plassen i kulturskulen.

Ytterlegare vilkår:

- ❖ Kulturskulen gir aktivitetstilbod inntil 38 veker. Skuleåret for elevane i Bokn kulturskule går vanlegvis frå veke 34 til og med veke 50 om hausten, og frå veke 1 til og med veke 24 i vårhalvåret (dersom ikkje anna er oppgitt). Skulen følger elles den kommunale skuleruta med omsyn til feriar og fridagar. Kulturskulen kan ha undervisning sjølv om grunnskulen

har fri/planleggingsdagar. Kulturskulen kan justere skuleruta t.d. ved prosjekt. Elevar/foreldre/føresette skal då ha skriftleg beskjed.

- ❖ Kulturskulen sine elevarrangement, konsertar og aktivitetar er ein del av undervisningstilbodet, og det er forventa at elevane deltek på desse som utøvar og/eller publikum.
- ❖ Utbytte av undervisninga er i stor grad knytt til den enkelte elev sin innsats. Det er forventa at eleven kjem presis, er godt førebudd og har med nødvendig undervisningsmateriell til timen. Foreldre/føresette bør oppmuntre og legge til rette for øving heime. Kulturskulen tilrår minst 15 minutt dagleg øving.
- ❖ Eleven må sjølv ha instrument til å øve på heime.
- ❖ Ved all bruk av kulturskulen sitt inventar og utstyr må det visast stor forsiktighet. Kulturskulen er ikkje ansvarleg for eleven sine private eigedelar.
- ❖ Føresette kan vera med etter avtale med læraren. Det er til vanleg ikkje høve til å ha med seg vener i undervisningstimen.

Oppseiing/prøvetid/moderasjon:

- ❖ Påmelding er bindande for eitt år om gongen. Dersom ein ikkje ynskjer å halda fram med undervisninga til vårsemesteret, må oppseiing sendast skriftleg til administrasjonen via e-post: anne.tove.ovrebo@bokn.kommune.no innan 1. oktober det gjeldande skuleåret, elles må ein også betale kontingent for vårsemesteret. Lærar kan ikkje ta imot utmelding.
- ❖ Nye elevar har to prøvetimar og kan gå frå elevplassen mot eit gebyr svarande til kontingent for 1 måned.

Kontingent/moderasjon/faktura:

- ❖ Elevkontingent blir årleg fastsett i kommunestyret sitt budsjettvedtak.
- ❖ Det blir gitt moderasjon av sluttsummen for søsken eller for deltaking i fleire fag ved at det frå og med to fag/elevplassar, rekna frå det rimelegaste tilbodet, blir gitt 30% reduksjon i sats. For at søsken-/fleirfags-moderasjon skal tre i kraft, må same person stå som betalar.
- ❖ Eleven dekkjer sjølv kostnad til notar og anna nødvendig undervisningsmateriell.

- ❖ Det blir gitt reduksjon i kontingent ved tapt undervisning over to økter pr. semester, dersom det er på grunn av mangel på kvalifisert vikar. Reduksjonen slår inn på faktura i påfølgende semester.
- ❖ Ved nedsett betalingsevne hos forsørgar kan ein få friplass på 1 stk. aktivitet pr. barn dersom forsørgar kvalifiserer til ordninga med friplass. Sjå informasjon på Bokn kommune sine nettsider.
- ❖ Årskontingenten blir delt i to, med fakturering om hausten og våren. Elevplass frå førre år må vera betalt for å kunne halda fram.

Pris pr. semester for skuleåret 2023/2024:

- Individualundervisning: Kr 1 244.
- Gruppeundervisning under 18 år: Kr 1 037.
- Gruppeundervisning frå 18 år: Kr 1 555.